

## Årsmøtereferat Sandane Småbåtlag 26. februar 2019

**Møtestad:** Frydenbø Bilsenter

**Møtestart:** Klokka 19.00

Til stades: Seks medlemmer og styret med unntak for kasserar Ola Arne Bolstad som melde sjukdomsforfall.

Det dårlege frammøtet vart kommentert. Leiar opplyste at årsmøtet var annonsert til rett tid i Firda Tidend og i tillegg på heimesida og facebook. Kanskje bør det vere ei påminningsannonse i avisa rett før årsmøtet i tillegg.

### **Sakliste:**

1: Leiar Bjørn Inge Solheim ønskte velkomen og opna årsmøtet.

2: Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **3: Konstituering:**

Bjørn Inge Solheim vart valt til møteleiar

Ernfred Øygard og Roar Henden vart valde til å skrive under årsmøteprotokollen.

### **4: Årsmelding 2018**

Leiar las opp årsmeldinga som vart samrøystes vedteken.

### **5: Rekneskap**

I kasserar sitt fråvere gjekk leiar gjennom rekneskapen for 2018. Rekneskapen vart deretter samrøystes vedteke.

### **6: Kontingent**

Styret rådde ikkje til å endre medlemskontingenten for 2019 og heller ikkje hamneleiga.

Samrøystes vedteke.

### **7: Budsjett for 2019**

Leiar gjekk gjennom budsjettet. Det vart uttrykt at 50.000 kroner til vedlikehald tyktes å vere lite med bakgrunn i tidlegare erfaringar.

Summen vart ikkje endra, men styret vart oppmoda om å auke fokus på eit meir systematisk vedlikehald av hamneanlegget.

Det vart også stilt spørsmål om kva forsikringa til SSL dekkjer om det skjer skade.

Budsjettet vart samrøystes vedteke.

## 8: Årsmøtesaker

Styret gjorde framlegg om å endre teksten om medlemskap/utmelding i vedtektene. Bakgrunnen er at kasserar brukar mykje tid på å purre medlemmer som ikkje betaler medlemskontingenten i tide.

Styret sitt framlegg til ny tekst i §3 er slik (ny tekst understreka):

Alle som arbeider for SSL sitt føremål kan bli medlem. Medlemskapet følgjer kalenderåret. Utmelding må vere skriftleg og vere styret i hende innan utgangen av året. Utmelding skjer også automatisk dersom ikkje medlemmet betaler medlemskontingenten etter 1. purring. Medlemskapet forpliktar også til deltaking i førefallande arbeid i hamna og/eller verv i styret.

Årsmøtet vedtok samrøystes å endre teksten i samsvar med styret sitt framlegg.

## 9: Val

Valnemnda ved Geir Peder Eikenes og Per Ståle Husevåg presenterte følgjande innstilling:

Formann: Bjørn Inge Solheim	vald for to år (ikkje på val)
Hamnesjef: Anders Gloppestad	vald for to år (attval)
Kasserar: Ola Arne Bolstad	vald for to år (ikkje på val)
Styremedlem: Jon Ingar Sørebo	vald for to år (attval)
Sekretær: Jan Nikolai Hansen	vald for to år (ikkje på val)
Revisor: Øystein Sivertsen	1 år (attval)
Første varamedlem: Rune Nordvik	1 år (attval)
Andre varamedlem: Per Ståle Husevåg	1 år (ny)

Valnemnd:

Geir Peder Eikenes	1 år (attval)
Geir Skaaden	1 år (ny)

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## 10: Avslutning: Orientering om informasjonskanal til medlemmene

Leiar tok opp Facebook og heimesida til SSL som informasjonskanal til medlemmene. Når det gjeld førstnemnde, er ikkje alle medlemmer brukarar. Årsmøtet fann epost som den beste kanalen å informere medlemmene gjennom. For å spare styret for arbeid, føreslo Ernfred Øygard at bryggjesjefane innhentar epostadressene til dei som soknar til dei respektive bryggjene og melde tilbake til styret.

Møteslutt klokka 21:00

Referent:

Jan Nik. Hansen

.....  
Roar Henden

.....  
Ernfred Øygard